

---

**Saksnr:** 2023/33767-3  
**Saksbehandlar:** Bjørnar Tjøflot

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		12.04.2023

## Høyringsuttale til konsesjonssøknad for Fortun transformatorstasjon

### Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune er positive til bygginga av nye Fortun transformatorstasjon. Den nye transformatoren er eit viktig tiltak i arbeidet med å gjere kraftnettet i Vestland meir robust.
2. Vestland fylkeskommune ber om at ein under opparbeiding av tiltak søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2.
3. Det er viktig at søkjar tek omsyn til at Fortunselvi er svært flaumutsett, og ikkje gjer tiltak som kan auke flaumrisikoen. Vassmiljøet elles må òg vektleggjast i denne saka.

### Samandrag

Statnett og Linja søkjer konsesjon til å byggje nye Fortun transformatorstasjon, flytting av nærliggjande kraftliner og eit koplingsanlegg nær den nye transformatorstasjonen. Tiltaket har mykje å seie for kraftnettet i Vestland. Kulturminne er eit tema i saka og det er gjort utgravingar. Andre aktuelle tema i saka er flaum, jordbruk, vassmiljø og veg. Saka er no på høyring og fylkesutvalet vedtak høyringsuttale for Vestland fylkeskommune jf. delegeringsreglementet kap. 7.

**Rune Haugsdal**  
fylkesdirektør

**Bård Sandal**  
avdelingsdirektør  
Næring, plan og innovasjon (NPI)

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

NVE har motteke konsesjonssøknad for bygging av ein ny Fortun transformatorstasjon i Luster kommune i Vestland fylke. Denne har dei no sendt på høyring til mellom anna Vestland fylkeskommune.

Statnett SF søker om å byggje og drive ein ny transformatorstasjon i Fortun. Søknaden inneber òg riving av eksisterande anlegg, bygging av ny veg, inkludert ei ny bru over Fortunselvi, og omlegging av kraftleidningar inn til den nye stasjonen.

Linja AS søker om å byggje eit nytt bygg med innandørs koplingsanlegg ved sida av Statnett sin nye transformatorstasjon. I tillegg søker dei om å leggje om eksisterande kraftleidningar inn til det nye bygget.

Statnett og Linja søker om konsesjon i medhald av energilova.

Statnett og Linja søker òg om oreigningsløyve (oreigningslova av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for naudsynte grunn og rettar for å byggje og drive dei elektriske anlegga, inkludert rett til all naudsynt ferdsel/transport. Samstundes søker dei om førehandstiltreding (oreigningslova § 25) som inneber at grunn og tilkomstrett kan takast i bruk før skjøn er halde.

Konsesjonssøknaden ligg her:

<https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=8702&type=A-1>

### Om tiltaket

#### Transformatorstasjonen til Statnett

Statnett søker om å byggje ny transformatorstasjon i Fortun, samt om å rive deler av dagens anlegg. Statnett har er vurdert mange ulike plasseringar av ny stasjon. Dei valde omsøkt plassering grunna at den sikrar gjeldande tryggleiksklasse for flaum og skred, mogleggjer tilknytning av konsesjonsgjeve kraft og gjev betre forsyningstryggleik. Samanlikna med fleire av dei vurderte alternativa gjev vald plassering mindre omfattande leidningsarbeid. Statnett har i tillegg vurdert eit nullalternativ der dei gjer minimale tiltak i nettet. Dette alternativet er vurdert uaktuelt ut frå samfunnsøkonomiske vurderingar.

Ny Fortun transformatorstasjon skal byggast for 420 kV, men driftast på 300 kV fram til ev. spenningsoppgradering i transmisisjonsnettet i indre Sogn.

Leidningsstrekket Leirdøla – Fortun må justerast for å kople til ny Fortun transformatorstasjon. Det er òg naudsynt å gjere endringar på vegen til stasjonen og byggje ny bru over Fortunselvi. Statnett ynskjer å etablere to permanente masselager og søker òg om eit tredje, som dei vil nytte viss vidare prosjektering viser behov for meir masseutskifting enn dei har rekna seg fram til i tidleg fase. I samband med trafotransport, er det behov for å forsterke vegen frå Skjolden kai til Fortun transformatorstasjon. I dette ligg òg forsterking av ei bru langs FV 5638 i Fortundalen og utbetring av same veg somme stader. Statnett må òg etablere to pullertar ved kaia i Skjolden.

#### Koplingsbygget til Linja rett ved omsøkte Fortun transformatorstasjon

Linja AS og Statnett søker i lag om anleggskonsesjon for følgande:

- Ny 132 kV koplingsstasjon i rett ved Statnett sin omsøkte 420 kV stasjon i Fortun.
  - o Nytt stasjonsbygg på ca. 380 m<sup>2</sup>
  - o GIS-anlegg med dobbel SSK og totalt 7 felt, 5 avgangar og 2 seksjoneringsbrytarar på SSK
- Omlegging av dei tre 132 kV leidningane Øvre Årdal 1, 2 og 3 til ny koplingsstasjon
- Etablering av 132 kV samband mellom ny koplingsstasjon og Statnett sin nye 300 (420) kV stasjon i Fortun
- Løyve til å rive/sanere deler av 132 kV leidningane Øvre Årdal 1, 2 og 3 (eitt par linjespenn pr leidning)
- Vidare løyve til å drive dei tre 132 kV leidningane Fortun – Øvre Årdal

Linja og Statnett søker òg om ekspropriasjonsløyve og forhåndstiltreding for omlegging og kablinga av leidningane Øvre Årdal 1, 2 og 3.

Det er sett av plass til 2 brytarfelt for samband til eksisterande stasjon / Skagen kraftverk, samt utvidingsmoglegheit for 2 felt samt eitt reserve for Statnett sin trafo. Det er totalt vurdert 3 ulike løysingar for anlegget ved Fortun.

### **Kraftsystem**

Strøm er ei forutsetning for eit velfungerande samfunn og verdiskaping. Betydninga av ei påliteleg straumforsyning blir endå større i ein kvardag som vert meir digital og der krav til meir klimavenleg energibruk gjer at vi brukar elektrisitet i fleire deler av samfunnet.

Indre Sogn er eit område der manglande kapasitet i transmissjonsnettet gjer at fleire konsesjonsgjevne kraftverk ikkje kan byggjast. Nye Fortun transformatorstasjon er eit viktig tiltak på vegen til å løyse ut produksjonspotensialet i Indre Sogn.

### **Jordbruk**

Statnett skriv i søknaden at it av dei felta der tiltaket har størst konsekvensar er jordbruk, sidan ny stasjon legg beslag på dyrka mark. Dei skriv at dette har vore vanskeleg å unngå sidan dei fleste aktuelle areala i Fortundalen er dyrka opp. Administrasjonen ah i samtalar med Statnett diskutert denne problemstillinga. Statnett er i dialog med grunneigarar og Statsforvaltar om korleis tiltaket kan best ta omsyn til landbruksdrifta i området. Utklippet under er ein fotomanipulasjon som viser korleis transformatorstasjonen kan sjå ut i Fortun. Stasjonen ligg over noko dyrka mark. Biletet viser samstundes eit område litt lengre vest der søkjar har utvida eit dyrka område med massar frå anlegget.



Bilde: Fotomanipulasjon som viser korleis nye Fortun transformatorstasjon kan sjå ut i terrenget.

### **Veg**

I konsesjonssøknaden står det at det kjem til å verte trafikk i anleggsfasen på FV 5638 (tidlegare FV 332) i Fortundalen, som kan påverke tredjepartar negativt. Søkjar skriv at det difor skal gjerast avbøtande tiltak i anleggsperioden. Dei avbøtande tiltaka skal diskuterast med kommunen og vidare spesifisert i MTA-plan. Tiltak som betrar det visuelle inntrykket, vil òg vurderast nærare ved utarbeiding av en MTA-plan etter ev. konsesjonsvedtak.

### **Kulturminne**

I samband med Statnett sine framtidige endringar knytt til Fortun transformatorstasjon på Ytri, gnr/bnr 8/3, 16 i Luster kommune, gjennomførte Vestland fylkeskommune arkeologiske registreringar i 2020 og i 2022 i areal for ny transformatorstasjon med tilhøyrande fyllingar, massedeponi og anleggsområde. Registreringa i 2020 omfatta delar av innmarka på garden Ytri gnr. 8 bnr. 1, mens registreringa i 2022 omfatta areal på gbnr. 8/3 og 13/1. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne i 2022. Den arkeologiske registreringa i 2020 gav funn av tre automatisk freda kulturminne:

- Kokegroplokalitet datert til eldre romertid (id.273904)
- Kokegroplokalitet datert til folkevandringstid (id.273936)
- Dyrkingslokalitet med ardspor, stolpehol og nedgravingar frå senneolitikum og eldre bronsealder (id.273938)

Etter at Statnett søkte konsesjon i oktober 2021 har Vestland Fylkeskommune fatta vedtak i brev av 02.11.2021 om løyve til inngrep i tre automatisk freda kulturminne med 273904, 273936 og 273938 gnr. 8, bnr 1 og 3 i Fortun. Løyvet vart gitt med vilkår om arkeologisk utgraving av kulturminna.

Universitetsmuseet i Bergen har orientert om at utgravinga av de freda kulturminna med Askeladden id. 273904, 273936 og 273938 på Ytri gnr. 8 bnr. 1 og 3, Fortun i Luster kommune er avslutta, i brev datert 03.10.22. Vi stadfestar med dette at dei arkeologiske utgravingane som er heimla i Riksantikvarens vedtak datert 27.10.21, er gjennomførte. Vilkåra for dispensasjonen er dermed oppfylte, og området det er søkt om, er klargjort for anleggsverksemd.

Vestland fylkeskommune ber om at ein under opparbeiding av tiltak søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

#### **Friluftsliv**

Det er ikkje registrert friluftsområde eller andre friluftslivsverdiar i område der ny transformatorstasjon er planlagd.

#### **Vassmiljø**

Fylkeskommunen er vassregionmynde etter vassforskrifta og har ansvar for innlandsfisk etter lakse- og innlandsfisklova. Det er Statsforvaltaren som har ansvaret fysiske tiltak i anadrome vassdrag, men vi vil likevel kome med enkelte faglege råd i samband med tiltaket.

Det er viktig at brua over Fortunselvi ikkje snevrar inn elveløpet. Dette er viktig både av omsyn til fisk og andre ferskvassorganismar i elva og flaumfare.

Ut i frå flyfoto ser det ut til at Legeelvi dels er kanalisert og utretta. Dette gjer at flaumkapasiteten er redusert, og at straumhastigheita truleg er høgare enn naturleg. Dette er ikkje optimalt for fisk og andre ferskvassorganismar, og det er viktig at ei forsterking av denne brua ikkje reduserer elveløpet ytterlegare. Det må heller leggest til rette for at elveløpet kan utvidast i framtida.

Det bør så langt som råd takast vare på kantvegetasjon langs vassdraga. De bør også så langt som råd unngå å erosjonssikre ut i elva. Eventuell erosjonssikring bør vere tilbaketrekt.

Dersom det er fare for avrenning frå masselagra, er det viktig at det vert utført tiltak som hindrar avrenning til vassdraget.

I konsesjonssøknaden står det at dersom anleggsarbeidet skjer i/rett etter gytesesongen, vil man kunne få tilslamming av eventuelle gyteareal i nærområda. Vi vil presisere at tilslamming av gyteområda er uheldig i heile perioden det ligg rogn eller yngel i grusen, og at det er viktig å unngå tilslamming i heile perioden frå gyting og til yngelen kjem opp av grusen tidleg på sommaren (perioden oktober - mai). Det bør difor gjerast tiltak for å redusere faren for tilslamming av vassdraget.

Sidan overvatn skal gå ut i Fortunselvi er det viktig at dette ikkje er ureina.

Vi er samde i vurderinga om at det er ikkje venta at bygging av transformatorstasjonen vil endre miljøtilstanden etter vassforskrifta. Vi reknar heller ikkje med at tiltaket vil vere til hinder for at godt potensiale kan bli nådd i framtida.

### **Vedtakskompetanse**

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse i denne saka jf. delegeringsreglementet kapittel 7.

### **Medverknad**

Medverknadsorgan har ikkje vore involvert i denne saka

### **Vurderingar og verknader**

#### **Økonomi:**

Tiltaket kan indirekte leggje til rette for fleire grøne arbeidsplassar i Vestland ved å leggje til rette for meir kraftproduksjon og -bruk.

#### **Klima:**

Å leggje til rette for å erstatta fossile energikjelder med elektrisitet produsert frå fornybare kjelder er eit viktig klimatiltak. Nye Fortun transformatorstasjon er eit viktig bidrag for å få dette til, då den legg til rette for auka produksjon og bruk av fornybar energi.

Klimatilpassing er òg at aktuelt tema i denne saka. Fortunselvi er flaumutsett og det er viktig at Statnett tek omsyn til dette i denne saka. Elvelaupet må ikkje snevrast inn slik at vatnet får mindre plass.

#### **Folkehelse:**

Ikkje aktuelt.

#### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Tiltaket er i tråd med FN sitt berekraftsmål nr. 7 – rein energi til alle.

Tiltaket støttar opp om plantema «Robust kraftsystemutvikling i Vestland» i regional plan for fornybar energi 2023-2035, med alle tilhøyrande delmål.

### **Konklusjon**

Nye Fortun transformatorstasjon er eit viktig tiltak i transmissjonsnettet (sentralnettet). Store deler av transmissjonsnettet i Vestland og heile Noreg må oppgraderast for å møte krava til kapasitet og leveringstryggleik vi stiller til kraftnettet vårt. Nye Fortun transformatorstasjon legg til rette for meir kraftproduksjon og -bruk i Indre Sogn og Vestland.

Deler av transformatorstasjonen og tilhøyrande anlegg skal plasserast på aktive jordbruksareal. Det er viktig at Statnett er i god dialog med grunneigarar og Statsforvaltaren om korleis tiltaket kan ta omsyn til dette og leggje til rette for vidare landbruksdrift i området.

Det er viktig at Statnett tek omsyn til at Fortunselvi er svært flaumutsett, og ikkje gjer tiltak som kan auke flaumrisikoen. Vassmiljøet elles må òg vektleggjast i denne saka.

Vestland fylkeskommune har gjort arkeologiske registreringar i området i 2020 og i 2022. Den arkeologiske registreringa i 2020 gav funn av tre automatisk freda kulturminne.

Fylkeskommune fatta 2021 vedtak om løyve til inngrep i tre automatisk freda kulturminne i Fortun. Løyvet vart gitt med vilkår om arkeologisk utgraving av kulturminna. Dei arkeologiske utgravingane er gjennomførte, og området det er søkt om er klargjort for anleggsverksemd.

På bakgrunn av dette meiner fylkesdirektøren Nye Fortun transformatorstasjon er eit godt og viktig tiltak for å betre kraftsituasjonen i Vestland.